

NR. 8

NOVEMBER 1986

19. ÅRG.

## STOR BIBELHELG I ARNA OG PÅ OSTERØY 7.-9. NOVEMBER



Gen. sekr. Ole Christian Kvarme deltek på alle samlingane i bibelhelga. Han er no generalsekretær i Det Norske Bibelselskap og har før det vore misjonær i Israelmisjonen ein del år.

«Slepp Bibelen laus» er eit av slagorda som er laga i samband med den store Bibelaksjonen som er starta opp i haust og som vil gå over dei 2 neste åra. Det er 45 ulike kyrkjesamfunn og kristelege organisasjonar med for å gjera Bibelen meir kjend og meir brukt i alle delar av folket. Alt frå starten har denne vide målsetjinga vore med, og ulike tiltak vil verta sett i verk mange stader i landet.

Kyrkjelydsskulen i Arna og kyrkjelydane på Osterøy har gått saman om å få generalsekretæren i Det Norske Bibelselskap hit ei helg for å ta opp dei utfordringane aksjonen inneber, og vi vonar på god oppslutning om desse arrangementa.

Alle er velkomne til å vera med på desse samlingane, og dei er spreidde rundt på ulike stader. Ein kan vera med på alle samlingar eller einskildarrangement. I samband med seminaret laurdag vil det og verta ei eiga samling for borna.

# LYS I VERDA

**Helgemessesøndag**  
Matt. 5. 14-16.

*Er du ein kristen? Spørsmålet vart stilt til ein ung kristen artist for ikkje så lenge sidan.*

*Og svaret lydde omtrent slik: Ja, men det reknar eg som ei privatsak. Underforstätt — det må ikkje blandast saman med det eg er som kunstnar.*

*Kristendomen — ei privatsak. Den paraolen har me sakte høyrt før. Så ofte har det vore sagt av framståande personar at det ikkje er å undra seg over at unge mennesker kan fella for det. Men er det sant? Ja, diverre altfor ofte.*

*Derimot er det ikkje rett ut ifrå Guds ord. Når kristendommen vert privatsak er det fare på ferde. Det vitnar om anten eit sjukt kristenliv — ein andeleg schisofreni, eller om personleg hykleri.*

*Jesus seier i alle fall til lærersveinane sine: «De er lyset i verda. Ein by som ligg på eit fjell kan ikkje døljast. ---Såleis skal de lata lyset dykkar skine for folk, så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa far dykkar i himmelen».*

*Me er alle kalla til å vera lys som skal lysa slik at verda kan vitna at der me går der er veien til Gud, og me er kalla til å vera slik at me gir Gud æra for det me er og gjer.*

*Soli deo gloria, skreiv Händel øvst på notearket når han laga ein ny komposisjon. — Åera til Gud åleine.*



*Nei kristendom er inga privatsak. For ein kristen er det viktigaste av alt å lysa og syna veg til han som er Herre i himmel og på jorda, som alle ting er til ved og som all ære tilkjem no og i all øve.*

*Han som har løyst oss ut og sett oss i himmelen saman med seg. Han som vil at alle skal sjå og læra han å kjenna.*

*Eit djupt personleg spørsmål er det å ver ein kristen. Men ei privatsak — Nei.*

*Dette er noko av bodskapen til oss på helgemessesøndagen Matt. 5, 14-16*

*Ingvard Hageberg*



## Temakveld i Ytre Arna

### 19. NOVEMBER:

**Kva seier Bibelen om Guds frelsesplan? Spådom i GT. Oppfylling i NT.**

v/Sokneprest Øyvind Øy.

Samlingane er i Kyrkjelydshuset kl. 19.30. Ta med matpakke.

## JULEMESSER FOR KYRKJELYDSHUSET

### Indre Arna:

Lørdag den 29. november i Arna Bedehus. Ope hus frå kl. 10.00-18.00. Julegåvesal. Tombola. Utloftning. Kafeteria.

KL. 12.00 Song av Arna kyrkjekor.

Andakt ved sokneprest Øy

KL. 16.00 Song av Arna kyrkjes barnekor og Arna Tensing. Andakt.

### Unneland.

Lørdag den 6. desember på Unneland skule.

Ope hus frå kl. 12.00-15.00.

Julegåvesal: Utloftning. Kafeteria.

Gåver kan leverast til Arna kyrkjekontor og Grete Bergo Larsen.

## Bedehusdag i Betania, Lone

### Lørdag 22. november

Familiemøte kl. 15.00. Tale v/Elsa Kleppa, barnekoret vert med. Sang og musikkmøte kl. 19.00 v/Asle Reigstad Ungdomsmusikken og Betania musikkor

## Advents-arrangement i Arna kyrkje

1. søndag i advent: Lysmesse med bl.a. Arna Ten sing.

2. søndag i advent: Konsern med Janus Musikkklag m.fl.

3. søndag i advent: Konsern med Arna kyrkjekor og Haukeland songlag. På programmet står bl.a Ivar Wiedens «Juleoratorium. for kor, soli orgel og orkester. Dette er eit samarbeidprosjekt mellom desse kora.

4. søndag i advent: «Vi syng jula inn» med Arna kyrkjes aspirant-og barnekor, Arnavågen Musikkklag og Arna kyrkjekor.

Som man ser, så er det lagt opp til arrangement for ein kvar smak. I neste nummer av bladet vil vi komme tilbake med nærmere presentasjon av dei ulike arrangement.

## Konsern med «Glisando»


Laurdag 22. november, kl. 18.00 vert det konsern i Arna kyrkje med koret Glisando.

Dette koret er samansett av ungdommar frå nesten alle menighetar i stor Bergen. Koret er ikkje tilknytta nokon spesiell menighet.


På programmet denne kvelden står bl.a Faure's «Requiem. for kor, soli og orgel. Dette er eit av romantikkens mest populære korverk i dag.

Requiem betyr «sjelemesse for dei døde». Det er med andre ord ei gjennomkomponert messe.

Konserten er absolutt å anbefale.



# Barneside



Vi har vel alle en eller annen gang drømt om å finne en skatt, en kiste full av gull og sølv. En slik skatt ville gjøre oss rike. Gull og sølv har stor verdi det ruster og røtner ikke. Gull kan ligge i jorda i hundre år og være like fint og verdifullt når det graves opp. Ting som er holdbare og ikke går istykke når de brukes er verdifulle og gode ting.

Når det sies i Bibelen at Timoteus hadde føtt en god skatt måtte det være noe fint og verdifullt han hadde føtt. Timoteus var Guds born og derfor var han rik. Når vi tar i mot Jesus og velger å følge han har også vi føtt en skatt og denne skatten ruster ikke og ingen kan ta den fra oss.

## BILLEDOPPGAVE FRA BIBELEN. I




### SPØRSMÅL

1. Hva heter byen i bakgrunnen?

2. Hva heter brønnen?

3. Bildet er hentet fra:

- A. Mork. 3,3.
- B. Matt. 14,15.
- C. Joh. 4,28.



## FINN NAVNET II

1. På den tid stod døperen \_\_\_\_\_ fram i Judeas ødemark og forkynnte:

2. \_\_\_\_\_ spurte ham: „Er du jødenes konge?“

3. En annen av disiplene, \_\_\_\_\_ bror til Simon Peter,

### SVAR

- |            |              |       |
|------------|--------------|-------|
| 1. Sjukor. | 2. Johannes. | 3. G. |
| II         | III          | IV    |

## FIN HAUSTTAKKEGUDSTENESTE



Unnaland 4H klubb




Aspirantkoret og Barnekoret

Arna kyrkje var fullsett under familiegudstenesta søndag den 19. oktober. Denne gudstenesta var lagt opp som hausttakkegudsteneste. Unnaland 4 H-klubb hadde pynta kyrkja med fine haustfargar og dei bar inn ein del av grøda frå marka som dei sette framfor alteret.

Aspirantkoret og Barnekoret var for første gong med på gudsteneste etter at dei starta opp på nytt. Til saman har dei vel 40 medlemer og alle gledde seg over frisk og fin song. Dei har alt kome godt i veg på den kor-te tida dei har arbeidd med organist Asbjørn Flåm som leiar.

## BIBelen OPEN FOR ALLE



– 62 % av dei som bur i Noreg les aldri Bibelen

– 1/3 av folk på jorda har ingen Bibel på sitt språk.

Desse tala skulle kunna tala sitt tydelege språk om at ein bibelaksjon er på sin plass. Det er mange som ikkje Bibelen er open for, grunnane til det kan vera mange.

Om Bibelen er den mest selde boka i verda, er det altså enno langt att til at han er nådd fram til alle.

Med aksjonen vil ein

– gje nye impulsar til bibelbruk i kyrkjelydsarbeidet og hjå den einskilde

– vekkja bibelinteresse hjå folk som ikkje er vant å lesa i Bibelen

– gje støtte til å spreia Bibelen i heile verda.

Når ein satsar på dette er det i tru på at Bibelen er ei viktig bok, og at han har adresse til alle.

For Bibelen er ei mangfaldig bok. Han handlar om dramatisk historie, og gamle kulturtradisjonar. Han kjem med profetbodskap med dom og håp. Han forkynner, undesirer, rettleier og trøystar.

Men Bibelen er og eit vitnemål. Menneske fortel om kva dei har sett og opplevd i tilhøve til Gud. Og gjennom Bibelen talar Gud inn i vår situasjon i dag både som einskildmenneske og som kyrkjelyd.

Difor er utfordringa til oss alle: Få fram Bibelen. La han ikkje ligga med stov i gløymsle, men plasser han i kvardagen. Der har han mykje å seia til vanlege menneske.

### Program for bibelhelga

Fredag 7. november: 19.30-22.00  
Bedehuset Betania, Lone. Tema:  
«Bibelen open for alle»

Laurdag 8. nov. kl. 10.00-14.00  
Seminar for vaksne/Bibelverkstad  
for born i Indre Arna Bedehus  
Tema: «Slepp Bibelen laus i heim  
og kyrkjelyd».

Laurdag 8. nov. kl. 19.30-22.00  
Valestrand Bedehus  
Tema: «Slepp Bibelen laus»

Søndag 9. nov.  
Kyrkjestova i Arna/Arna kyrkje  
Søndagsskule for vaksne kl. 10.00  
Prestegjeldsgudsteneste kl. 11.00.



#### Kursavgift:

På dei fleste samlingane vert det ei rimeleg kursavgift som mellom anna skal dekka utgifter til ein enkel bevertning

#### Skyss:

Om nokon treng skyss for å komma til samlingane, kan ein ringja kyrkjekontoret i Arna 24 04 00 eller Ytre Arna 24 85 46

Alle er velkomne til å vera med.



## VED GRAVEN

For de fleste mennesker står gravene som noe grufult. Man taler om gravens fred, i så fall er det frossen fred, —en fred som den der hersker på Nordpolens isplatå.

For dem som har mistet sine kjære, er gravene ofte det grusomste ved døden. Det føles såbarmhjertighårdt å grave det kjære legeme ned i en kald grav. De spente nerver og det ømme hjerte hos den som sørger, dveler med gru ved gravene. Graven er den store rovmorder som har tatt det kjæreste en har. Hva hjelper blomster og kors, når den kjære ligger derned og gjøres til intet!

Graven er noe urent, vanhellig. Den er en lang og mørk natt, fylt av ensomhet og uhygge.

Se ikke på din kjæres grav med gru. Vi kalte gravens mørke for en lang natt. Men en natt er ikke det samme som uhygge. Et barns søvn en stille nattetime, hvor hvert trekk i barnets ansikt taler om hvile, er livets største fred. Det er som man kan høre sus av englevinger om barnets seng.

Denne samme søvn er det når dine kjære sover i gravene. Deres legeme får nå hvile. «jeg vet meg en søvn i Jesu navn som kveger de trette lemmer.»

Mens de trette lemmer kveges i den siste hvile, fryder hans ånd seg hos Gud i salig jubel.

Men så vet man jo at legemet råtnar og blir til muld.

Ja. Vel er den tanke full av vemod.

Men også av håp!

Det er såkornet som faller i jorden og dør. Men ikke for å då, —for å skyte opp til nytt liv.

Jorden er våres alles mor. I gravene tar hun oss etter i favn. «Andre ganger komme vi inn i mors liv, også nå: for å fødes»

Graven og oppstandelsen et legemets gjenfødsle. Selv et nyfødt barn går mot død og tilintetgjørelse, men en som er død, går mot et nytt og evig liv. Derfor lyser håpet klarere over en grav, enn over en vugge.

Det døde legeme er et frökorn, hvorav det forklarede legeme skal stå fram. Så er gravene og jorden det herliggjorte legemes moderkjød.

«Det sáes i forgjengelighet. Det oppstår i uforgjengelighet.

Det sáes i vanære. Det oppstår i herlighet.

Det sáes i skrøpelighet. Det oppstår i kraft.

Det sáes et naturlig legeme. Det oppstår et åndelig legeme.

Doden er oppslukt til seier!» (1. Kor. 15, 42-43)

Så tenk også du med kjærighet på dine kjæres hvilested. Og stell deres grav med omhu. La aldri gravene fattes blomster en sommerdag, og la blomstene tale til deg om oppstandelsens morgen.

La gravens fred bringe dit eget sinn til ro. Den stund du tilbringer i de dødes have, skal gi deg et himmelvendt sinn. Forlat aldri dine kjæres graver, før du har møtt Gud i bønnen.

Allehelgensdag er det mange som minner sine døde, og derfor går mange også til kirkegården den dagen. Med tillatelse fra Luther Forlag gjengir vi her et avsnitt fra Fredrik Wisløffs bok «Himmelen»

Pastor Fredrik Wisløff døde 17. september i år, 82 år gammel. Han har gitt ut over 50 bøker, mange av dem er oversatt til andre språk. Fredrik Wisløff var lærer og forstander ved Indremisjonsselskapets Bibelskole i Oslo i en årekke. Han var også formann i Indremisjonsselskapets hovedstyre i flere perioder.

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

### Arna sokn:

- 05.10: Rikke Beckstrøm.  
19.10: Vibeke Grunnreis, Janne Kathrine Skage Vassdal, Kristian Holm, Erlend Holm, Kim André Steffensen.

### Ytre Arna Sokn:

- 07.09: Remy André Grøttå Økland, Mailinn R. Røskeland, Monica Syska, Jarle Sævdal Vikne.  
21.09: Thomas Sjursen Angelteit, Siri Solend, Marie Teigland Fjeldsbø. Jan Magne Isaksen, døypt i Arna kyrkje.



## Vigde

### Arna sokn:

- 27.09: Olav Sekse og Jorun Halsøy  
04.10: Magne Stalheim og Tone Jacobsen, Stein Brandal og Torill Erdal.  
11.10: Sverre Ringø og Irene Straume.

### Ytre Arna sokn:

- 18.10: Leif Robert Jönsson og Marit Henriksen

## Ofringar i kyrkjelydane

### Arna sokn:

- 21.09: Bergen Søndagsskolekrins .... kr. 3.707  
28.09: Bjørgvin Bispedømmeråd .... kr. 1.615

- 09.10: Kyrkjelydshuset .... kr. 3.651  
12.10: Norsk Lærerakademi . kr. 2.118  
19.20: Kyrkjelydshuset .... kr. 3.486

### Ytre Arna sokn:

- 05.10: Det Hvite Bånd ..... kr. 905  
12.10: Noregs kr. stud. og skoleung. lag ..... kr. 646  
19.10: Norsk Lærerakademi . kr. 870

## † Døde

### Arna sokn:

- 16.09: Anders O. Stokke f. 1903.  
23.09: Ingolf Stokke f. 1911.  
10.10: Vally Bjørge f. 1908.

### Ytre Arna sokn:

- 21.09: Ella Stigedal f. 1920, gravlagd frå Hylestad kyrkje.  
13.10: Borghild Hetlebakke f. 1902.

## DUGNAD PÅ KYRKJA

Nokre av medlemmane i soknerådet tok med seg malingsspann og skraper og pynta litt på fasaden på kyrkja i Ytre Arna nyleg. Der har malinga lenge stått og flassa av, og soknerådet har ei årrekke bede vedlikehaldsavdelinga i kommunen om å mala kyrkja. Det er kommunen som har ansvar for dette, og no var ein dette året kome så langt at det var sett av midlar på kommunebudsjettet. Soknerådet hadde difor lenge tru på at heile kyrkja skulle malast dette året, men midlane er ført over til neste år, og så får vi vona at noko skjer.

## MEDARBEIDARFEST

Den årlege medarbeidarfesten vert søndag den 24. november kl. 19.00. I fleire år har sokneråda invitert alle som på ein eller annan måte er knytta til sokneråda sitt arbeid til fest, og vi ber alle om å sette av dagen. Nærare kunngjering kjem seinare.

Presten  
har  
ordet

Øyvind Øy



## TRAFIKKDØDEN

Det er mandag den 20. oktober. Dagsnyttmedigane fortel om ei ny dødshelg på norske vegar. Trafikkdøden har skapt nye tragedier og har på nytt minna oss om vårt ansvar i trafikken. Grunnene til ulykkene er fleire, men det er i alle fall sikkert at fart dreper. Styresmaktene satsar stadig nye millionar på trafikkovervaking og trafikkontrollar, og dei gjer ein rosverdig innsats for å betra trafikk tryggleiken. Det viser seg at folk sy-

ner betre trafikkultur når dei ser politi på vegan.

Men det skulle ikkje vera nødvendig med store politiaksjonar for at vi skal ta til vitet. Dei mange ulykkene skulle mane til ei mentalitettsendring når det gjeld fart.

Denne gongen vil eg streke under eit par moment til ettertanke og etterfylgjing. For det første lyt vi hugsa at vi har eit ansvar for dei som skal ut på vegane om nokre år. Dersom foreldra ikkje bryr seg om fartsgrenser, skal vi ikkje vente at borna gjer det når dei får sertifikat. Ver eit føredøme for borna når du kører.

Det andre eg vil nemne er at som kristne må vi sjá vårt ansvar i trafikken i lys av vår tru på Gud. Det femte bodet. «Du skal ikkje slå ihel», seier oss at vi skal ferdast slik i trafikken at vi ikkje set liv i fare. Det går rett inn i vår situasjon som bilførar. Vi står til ansvar for Gud for måten vi ferdast på i trafikken. Den som tar Gud på alvor tar og trafikkreglar på alvor.

Øyvind Øy

## Konfirmanttida på leir



Medan det var haustferie på skulane, var 25 konfirmantar med prest og kateket og fleire leiavarar på leir på Mjølfjell. 22 av konfirmantane var frå Arna sokn og 3 frå Ytre Arna. Denne konfirmantklassen har sitt eige konfirmantopplegg der det meste av undervisninga vert delt på 2 leiavarar. Vi hadde nokre fine dagar samen der kapellet på Mjølfjell vart nytta til undervisninga.


# MØTE

**Betania, Lone**  
 02.11: Møte v/Indremisjonen.  
 04-09.11: Offerveke v/NLM.  
 13.11: BUF.  
 16.11: BUF.  
 20.11: Nattverdsmøte.  
 22.11: Bedehusdag.  
 23.11: IM.  
 27.11: NLM.  
 29.11: Ungdomskveld.  
 30.11: NLM.

**Arna bedehus**  
 02.11: Basar for D.N. Sjømannsmisjon  
 04-09.11: Møteveke for N.L. Misjonssamband.  
 12.11: Lynutloddning v/Barne og Ungdomsarb.  
 13.11: Nattverdmøte kl. 19.30.  
 16.11: Møte v/Ungdomsnemnda kl. 19.00  
 20.11: Bibeltime v/Morten Pedersen kl. 19.30.  
 22.11: Temahelg v/Ungdomsnemnda kl. 16 og 18. Talar Hans Olav Tungesvik.  
 27.11: Eldresamvær kl. 17.00.  
 30.11: Møte kl. 19.00.

**Tunes bedehus**  
 08.11: Bedehusbasaren kl. 19.00.  
 11-16.11: Møteveke v/Arild Hetlebakke.  
 25.11: Møte kl. 19.00.

**Ytre Arna bedehus**  
 08-09.11: Møte ved Atle Berland og Roald Leikvoll, NLM, kl. 19.00.  
 13.11: Basar. Redningsskøyta.  
 18-20.11: Møte ved Kåre Nyhavn, NMS, kl. 19.30.  
 23.11: Familiemøte v/Helge Eikeland, NMS kl. 16.00.



## Stor temadag i Indre Arna bedehus

Laurdag den 22. november arrangerer ungdomsnemnda tema-dag.

I januar hadde dei ei svært vel-lukka tema-helg med fullt hus, der også Ytre Arna og Espeland/Lone var med.

Denne gongen satsar dei på berre ein dag, og det er den kjende lækjar og psykiater Hans Olav Tungesvik som skal tala over emnene: «Barn og media» og «Ekteskapsduett eller duell». Det vert møte kl. 16.00 og kl. 18.00, og det vert høve til samtale etter begge emnene. Mellom møta vert det også ei lita matøkt. Vi får song og musikk, og det vert barneparkering for dei minste. Det vert også salg av litteratur i tilknytning til emna.

Dei vonar at nabobygdene også dette året støtter dette tiltaket, og alle får ein rik og fin dag.

## Takk fra «Bhutan» og «Druk-Yul»

På basaren til desse misjonsforeningane 17. oktober kom det inn kr. 9.155,-. Foreningane vil retta ei hjerteleg takk til alle som har gjeve gaver, teke nummer og hjelpt til!

Dei heldige vinnarane på bøkene var: Gunnvald Strandenes, Fam. Hageberg, Oline Ejerkestrand, Fam. Kjos, Ingrid Storsæter, Jørn Davidsen, Selma Lunde, Anita Lindås, I. Århus, Magnhild Tveit, Bjarte Morten Skjoldal, Jane Kristensen.

## TV-aksjon 86



Over all forventning, er vel eit dekkande uttrykk for resultatet av årets TV-innsamling til Kirkens Nødhjelp. Med 104 millionar då TV-sendinga slutta på aksjonsdagen vart det sett rekord, og det har sta-dig vorte understreka at det er dei mange bøsseberarane og glade gje-varar som gjorde resultatet moge-leg. Frå aksjonsleiinga har vi og fått denne helsinga:

Mange arbeidstimar ligg bak dei millionane som årets TV-innsamling fekk inn. Ei rad med innslag i lokalmiljøet har gjeve fleire nord-menn innblikk i forholda i Asia, Afrika og Latin Amerika.

Årets TV-aksjon er resultat av samarbeid! Vi i aksjonsleiinga hadde våre oppgåver. Dei har det vore in-spirerande å gå laus på i møte med den innsatsen vi frå første stund merka hos dykk som har vore ak-tive «på grasrota».

Når vi no er komne i mål kjenner vi trong til å seie et mangestemt takk! Takk til alle dykk som har vore komitémedlemmer eller bøsse-berara. Dykk som har stått på stand, selt u- landsvarer, sett opp plakatar, fortalt om TV-aksjonen på store og små forsamlingshaller te-ke med elevar til den 3. verda gjen-nom undervisningsmaterialet.

Og sist, men ikkje minst. Takk til alle dykk som opna dører og lommebøker for innsamlarane. Utan dykk var det ikkje blitt noko aksjon. Berre fordi de var med er det mogeleg for oss å gi «Hjelp utan grenser». Vi har som mål å bruke pengane i samarbeid med menneske i den 3. verda. Då gjer vi slik

Paulus oppmoda då han ba oss ve-re «Guds medarbeidarar».  
 Hilsen

Jan A. Erichsen  
 generalsekretær  
 Egil Hauge  
 aksjonsleder

I Arna var det dei 2 sokneråda som hadde oppnemnt medlemar i lokalkomiteane. Egil Tunes var leiar i Indre Arna og Sollaug Damninger i Ytre Arna. Dei kunne fortelja om stor velvilje hjå dei som vart spurde om å vera bøsseberarar, og med denne oppslutnaden hjå folk, var det lett å gjennomføra aksjonen.

## TAKKER VI?

Er vi takknemlige? I sommer er vi blitt minnet om at frisk luft, friskt vann og friske matvarer ikke er noen selvfølge. Kanskje den tra-giske hendelsen i Tsjernobyl har gjort oss litt mer ydmyke og tak-knemlige for alle de gaver vårt land fortsatt er fyllt av. Gud er alle gode gavers Far. Takker vi Gud? Forvalter vi hans gaver rett?

## Herre din jord....

*Herre, din jord bærer mat nok for alle,  
 Takk for den delen du vil vi skal ha.  
 Lær oss å dekke et langbord i verden  
 som alle kan reise seg mette fra.*

*Herre, vi reiser oss mette fra bordet.  
 Takk for de kreftene vår kropp har fått.  
 Nye skal sitte ved bordet og spise.  
 Hvis du får fordele, har alle nok.*

Vidar Kristensen

## 50-års konfirmantar i begge kyrkjene

Søndag den 5. oktober var konfirmantane i Arna og Ytre Arna kyrkjelyd i 1936 inviterte til å vere ved gudstenestene i kyrkjene. Det var 15 som møtte i Arna og 13 i Ytre Arna. Dei fleste som møtte bur i Bergensområdet, men nokon hadde tatt turen frå Arendal, Gjøvik, Oslo og andre delar av landet for å vera med. Under gudstene stava vart dei presenterte for kyrkjelydane, og etterpå hadde soknerådet laga til bevertning i bedehuset i Arna og Kyrkjelydshuset i Ytre Arna. Det var fint å vere i lag både i kyrkja og ved samværet etterpå, der dei friska opp minne frå gamle dagar.



Første rekke f.v.: Ruth Larsen, Anny Helene Andersen, Gunvor Anna Hovd Nilsen, f. Berg, Klara Misje, f. Minde, Berta Tveit, f. Haukeland, Marta Mjelde, Kari Olivia Hellevang, f. Lone, Ingeborg Marie Seim, f. Romslo, Eva Kleiveland.  
Bakerste rekke, f.v.: Dagfinn Gjellvik, Malvin Nævdal, Erling Aaland, Jon Martin Espeland, Håkon Haukeland, Otto Bjørgås, Øyvind Øy.



Første rekke f.v.: Jenny Veseth, Liselotte Jacobsen, Malmfrid Hopland, Marta Krokreide, Harald Sundsbø.  
Midterste rekke, f.v.: Alvild Songstad, Ingeborg Stokke, Astrid Mikkelsen.  
Bakerste rekke, f.v.: Johanna Larsen, Sverre Haugland, Nils Lien, Malvin Hundhamer, Jakob Selbak, Fridtjof Frantzen.

## Diakoniutvalgets oppgaver og utfordringer



I menighetsbladet nr. 6 stod det at Arna og Ytre Arna menighetsråd hadde oppnevnt nye medlemmer til diakoniutvalget.  
Hva skal så disse menneskene gjøre i våre to menigheter?

Først må jeg få si at det er vårt ønske og vår bønn, er at vi kunne få være «en Jesu tjener» blandt våre medmennesker. Det står i Ef. 2. 10. «For vi er hans verk, skapt i Kristus Jesus til gode gjerninger, som Gud på forhånd har lagt ferdig for at vi skulle gå inn i dem.» Dette verset peker på spesielle oppgaver som Gud har kalt en til. Det kan være å hjelpe til med at en som er eldre kan få høre Guds ord og komme til nattverd. Det kan være å hjelpe noen til å finne sitt åndelige hjem i sin menighet o.s.v.

Det som ligger meg spesielt på hjerte, er å få være noe, eller gjøre noe for de som er eldre, ensomme eller trenger et menneske.

De som ønsker besøk, bør ha en de kan kontakte eller få fast besøk av. Til det trenger vi flere som ville være med oss, ikke bare de navnene som stod i menighetsbladet.

Vi er glad for alle kristne organisasjoner, Røde kors og andre som har besøkstjeneste som en av sine oppgaver. Men vi vet og at det er de som ikke har noen som kommer på besøk og gjerne ville hatt et medmenneske. Kanskje diakoniutvalget kunne hjelpe til at du fikk.

Om vi har vårt åndelige hjem i kirken, i bedehuset eller begge steder, så skal vi arbeide sammen og «gjøre Guds gjerning så lenge det er tid,» som det står i vår bibel.

Kirkekaffen etter gudstjenesten ønsket vi også skulle være et sted der du kunne finne fellesskap, få prate og bli kjent med andre over en kaffikopp. I Arna bruker vi Kyrkjekestova og i Ytre Arna Kyrkjelydshuset til kirkekaffi.

Et spesielt velkommen til deg som har lyst å gå, men ikke syns du våger å gå. Vi har bare godt av at det av og til er litt trangt. Noen ganger har vi det for lite trangt både i kirka og i bedehuset, og da blir vi sittende for langt fra hverandre.

Mitt ønske er å få lagt det til rette slik at den som ønsket å være med til gudstjeneste eller til andre samvær som menigheten innbyr til, bare skulle kunne ringe et tlf. nr. og da få både bil og hjelp.

Ellers får vi ta oppgavene etter hvert som de kommer.

Hilsen  
Inger Myklebust  
formann i Diakoniutvalget

## KATEKET I ARNA

Ved andre gongs utlysing kom det ein søkjær til kataketstillinga. Det er Eirik Rodal. Han er no kateket i Mosjøen, og om ikkje så altfor lang tid, vil det venteleg verta klart om han tek imot stillinga.

## Kyrkjeringen i Ytre Arna

Kyrkjeringen i Ytre Arna arbeider for Kyrkjelydshuset, og kvart år må ein ha inn midlar for å kunna halda huset i stand og dekka utgiftene. Dei har utlodning ein gong i året og det vert ut på nyåret ein gong. Til utlodningen treng dei gevinstar, så om nokon har nokon å gje kan ein enten kontakta nokon i kyrkjeringen eller kontoret i Kyrkjelydshuset, tlf: 24 85 46.

# Nye tilsette i Arna kyrkjelyd sin dagheim




Elin Grimstad fra Brattvågen på Sunnmøre er praktikant. Bente Furseth fra Øvre Årdal er praktikant.



Janne Mandelid fra Arnatveit er praktikant. Turid Breistein fra Breistein er forskolelærar.

**BARNESIDE forts.**  
Lösning på oppgaver i forrige nr.




Rebus: HUSK REFLEKS

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomsterlf.

24 25 95



5260 Indre Arna

## I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands  
Blomsterforretning**  
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50  
**Solstrand  
Begravelsesbyrå**  
Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50  
*Alltid til tjeneste*

 **VESTLANDSBANKEN**

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjartelege velkomne.

**VESTLANDSBANKEN,**  
avd. Arna

**Kranser  
Bårebuketter  
Espeland Gartneri**  
5230 ESPELAND, tlf. (05) 24 08 09  
ARTHUR HOPE

**ESPELAND  
BEGRAVELSESBYRÅ**

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna fra 1866

**SPAREBANKEN  
VEST**  
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

**DU KAN LEIE  
HENGERE  
HOS OSS!**

Vi har hengere for  
Bil-båt og  
varetransport

  
**NOROL**

**ARNATVEIT  
AUTO SENTER**

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen  
ved J. B. Myklestad.

Skal det vera TV — Elektrisk —  
Belysning. Hugs at vi har lavaste  
pris, og det De kjøper her kan De  
få reparert her.

## ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70  
Vi er tilsluttet landets største  
kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

# *Velkommen til kyrkje*

- Nov. 01.** Ytre Arna kl. 17. Jubileumskonsert. Ytre Arna barne- og ungdomskor.  
**Nov. 02.** Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Norges kristelige student- og skoleungdomslag. Søndagsskole.  
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. FAMILIEGUDSTENESTE. Takkoffer til barnekoret. Ytre Arna barne- og ungdomskor. Kyrkjekaffi.  
Takvam kl. 16. Res.kap. Sundsbø.
- Nov. 09.** Arna kl. 11. Gen.sekr. Ole Chr. Kvarme. Unnelandskoret. Takkoffer til Det norske bibelselskap. Søndagsskole.
- Nov. 16.** Arna kl. 11. Stiftskap. Ivar Molde. Nattverd. Takkoffer til Bjørgvin Bispedømeråds familierådgjevningskontor. Kyrkjekaffi. Søndagsskole.  
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Norea Radio. Kyrkjekaffi.
- Trengereid kl. 18.** Res.kap. Sundsbø.
- Nov. 23.** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Søndagsskole.  
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til misjonssenteret Kvamsseter/Kvamshaug.
- Nov. 30.** Arna kl. 11. Sokneprest Øy. FAMILIEGUDSTENESTE. 1.  
KLASSINGAR SPESIELT INVITERTE. Takkoffer til kyrkjelydshuset.  
Arna kl. 19. Lysmesse. Takkoffer til NKUF.  
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. FAMILIEGUDSTENESTE. 1.  
KLASSINGAR SPESIELT INVITERTE. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.  
Unneland skule kl. 16.30. Lysmesse. Sokneprest Øy.
- Des. 07.** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Menighetsseminarene. Søndagsskole.  
Arna kl. 19. JULEKONSERT. Kollekt til Kyrkjelydshuset.  
Ytre Arna kl. 19. Lysmesse.

## **Søndag er kyrkjedag**

### **KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Ingvar Hageberg, Bjørg Hilde Glad, Laila Ueland.

**Forretningsførar:** Bjørg Hellesøy.

**Bladpengar:** kr. 30.-

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8448.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

### **ARNA PRESTEGJELD**

**Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

**Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39:** Tlf. 24 85 46.

**Kontortid:** tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

**Kyrkjegardane i Arna.** Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.

Frist for innlevering av stoff til nr. 9: 15. nov.